



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
18/5125-1

Dato
15. januar 2019

Tildelingsbrev til Forskningsrådet

1. Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Norges forskningsråd (Forskningsrådet) for 2019. Vi viser til Stortinget sitt budsjettvedtak nr. 261 og 271 av 14. desember 2018. KMD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Norges forskningsråd

Regjeringa har fastsett følgjande fem mål for verksemda til Forskningsrådet:

- Mål 1: Auka vitenskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgeving

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KMD

Tildelingane frå KMD til Forskningsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2 Auka verdiskaping i næringslivet og mål 3 Møte store samfunnsutfordringar.

KMD legg spesielt vekt på breie tverrgåande satsingar på departementet sine fagområde, slik at spørsmål om lokalt demokrati og lokalt sjølvstyre, statleg styring av kommunane, styrings- og samarbeidsformer, bustadspørsmål, bygningspolitiske spørsmål og planleggings-, utbyggings- og utviklingsspørsmål blir sett i ein samanheng.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

KMD er opptatt av forskning som medverkar til omstillingsdyktige regionar og velfungerande næringsmiljø.

Departementet vil medverke til at fleire bedrifter brukar forskning i innovasjonsarbeidet sitt, at fleire fagmiljø i FoU-institusjonane blir relevante samarbeidspartnarar for næringslivet, og at samanhengen mellom regional og nasjonal innsats for forskingsbasert innovasjon blir styrka.

KMD er vidare opptatt av,

- demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvaltning
- fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor
- eit sterkare sosialt tryggingnett.

2.2 Styringsinformasjon

Vi viser til KD sitt tildelingsbrev punkt 3 for styringsinformasjon som gjeld dei måla som er felles for alle departementa. For krav til rapportering viser vi til omtale i punkt 5 i KD sitt tildelingsbrev.

Vi viser elles til punkt 5 om rapportering i dette tildelingsbrevet.

3. Budsjettdelingar og fullmakter for 2019

KMD stiller i 2019 totalt 155,5 mill. kroner til disposisjon for Forskingsrådet.

3.1. Forskingsprogram

KMD stiller totalt 75,3 mill. kroner til disposisjon til ulike forskingsprogram over kap. 500, post 50 Forskingsprogram.

Midlar tildelt Forskingsrådet over kap. 500, post 50 skal i hovudsak ta i vare det breie sektoransvaret for forskning, med særleg vekt på anvend eller bruksretta forskning. Midlane skal medverke til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innan ansvarsområda til KMD. Vi viser til omtale av samfunnsutfordringar innan KMD sine sektorar i Prop. 1 S (2018–2019) for KMD. Samfunnsutfordringar på KMDs ansvarsområder er for også gjort greie for i *KMDs forsknings- og utviklingsstrategi (2015–2020)*.

Tabell 1 - Fordeling av midlar på forskingsprogram

Program	Budsjett [tall i tusen]
DEMOS	39 100
IKTPLUSS	14 750
FORKOMMUNE	5 000
VAM	7 400
JPI Urbant Europa	2 735
SAMISK	3 415
SAMKUL	2 900
SUM	75 300

Av tildelinga til DEMOS er 2,0 mill. kroner i 2018 øymerka vidareføring av satsinga på regionaløkonomiske modellar i DEMOS-programmet, og 3,6 mill. kroner i 2018 øymerka til vidareføring av oppdrag om evaluering av kommune- og regionreforma.

Forskringsrådet er også, innan ramma av DEMOS, tildelt ansvaret for forvaltning av valforskringsprogrammet, jf. brev av 10. februar 2015 for Stortingsvalundersøkinga og brev av 18. april 2018 for Lokaldemokratiundersøkinga (lokalvalundersøkinga).

Forskringsinnsatsen på planfeltet vert vidareført frå 2019. EVAPLAN 2008 er slutført i 2018. Det er til saman stilt 8,4 mill. kroner til rådvelde til prosjekt under DEMOS knytt særskilt til forsking innfor planfeltet. Departementet vil i samarbeid med Forskringsrådet sjå nærare på innretning og innhald i ein ny fase av planforskinga under DEMOS. Målsetjinga er å kunne lyse ut midlar knytt til dette i 2019.

IKTPLUSS skal møte utviklinga med eit stadig meir digitalisert samfunn som påverkar offentlege tenester, og korleis vi vel å løyse offentlege oppgåver meir generelt. Auka digitalisering aukar også behovet for forsking og innovasjon innan digital tryggleik og utviklinga av ein tryggleikskultur i både private og offentlege verksemder. Moderniseringa av offentleg sektor gjennom auka digitalisering synleggjer behovet for fleire ph.d.-prosjekt knytt til digitalisering og IKT.

FORKOMMUNE skal medverke til innovasjon i kommunesektoren gjennom å utvikle ny kunnskap, og å syte for ei betre kopling mellom kommunesektor, forskingsmiljø og andre kunnskapsaktørar.

Norsk deltaking i JPI Urbant Europa blir styrka med 1 mill. kroner.

Midlane som er sett av til SAMKUL skal finansiere forsking som gjeld nasjonale minoritetar. Fleire av prosjekta inngår som tiltak i regjeringa sin handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020. Forsking om førebygging av antisemittisme og gruppebaserte fordommar i skulen er eitt av desse prosjekta. Prosjektet vert også finansiert med midlar over KD sitt budsjett, jf. tildelingsbrev frå KD til Forskringsrådet. Med atterhald om budsjettvedtaka i Stortinget, gjeld

tildelinga til prosjektet fram til og med 2021. Vidareføring vil bli vurdert mot slutten av denne tidsperioden.

Midlane som er sett av til VAM skal medverke til å integrere bustadforskinga i velferdsforskinga gjennom forskning som set bustadsosiale spørsmål i samanheng med andre velferdsfelt, som for eksempel arbeid, utdanning og helse.

3.2. Omstillingsdyktige regionar og velfungerande næringsmiljø

KMD stiller totalt 80,193 mill. kroner til disposisjon for Forskingsrådet over kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø. Tildelinga er ein del av den næringsretta innsatsen i regional- og distriktpolitikken. Innsatsen til Forskingsrådet skal finansiere forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION). Det vert ikkje stilt krav til medfinansiering frå fylkeskommunane. Det er utarbeidd nye retningslinjer for løyvinga (vedlegg 1).

Innan ramma av FORREGION vert det sett av 1 mill. kroner i 2019 til samfinansiering av eit forskingssenter for omstilling og nyskaping. Midlane skal medverke til målet for FORREGION om å fremje kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling for regional næringsutvikling, omstilling og innovasjon.

Oppfølging av regjeringa sin nordområdestrategi

Departementet vil i 2019 framleis prioritere mobilisering av bedrifter i Nord-Norge til auka bruk av FoU.

Departementet vil følgje opp målsetjinga om auka verdiskaping med å prioritere leverandørutviklingssatsinga *Høgare opp i verdikjeda (2017–2020)*. Departementet har øyremerkt om lag 17 millionar kroner innan ramma til distrikts- og regionalpolitiske formål i 2019. Tiltaka i 2019 inkludert kap 553, post 74 er:

- kap. 553, post 74: 4,116 mill. kroner til leverandørutvikling for auka verdiskaping, innan ramma til Bedriftsnettverk i Innovasjon Norge
- kap. 553, post 74: 4,116 mill. kroner til mobilisering av bedrifter til auka bruk av FOU, innan ramma til Forskingsrådet sitt program FORREGION
- kap. 553, post 60: 9 mill. kroner til fylkeskommunane for kompetanseutvikling av tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning

Løyvinga til Bedriftsnettverk vart starta i 2017, og det er lagt opp til at den skal gå ut 2019.

Satsinga skal gjennomførast i tett samarbeid mellom departementet, fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland, Sametinget, Innovasjon Norge og Forskingsrådet. KMD vil be prosjektleiinga om ei oppdatert prosjektbeskriving med handlingsplan og oppsette milepælar innan 15. februar 2019.

Regionalt partnerskap og regionreform

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som regional samfunnsutviklar. KMD er opptatt av at Forskringsrådet i forvaltninga av FORREGION samarbeider med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Siva om dei regionale måla og strategiar for næringsutvikling. Eit konstruktivt samarbeid vil også medverke til at ein på ein god måte kan nå måla for regional- og distriktspolitikken. Samarbeidet skal medverke til ei avklart arbeidsdeling mellom verkemiddelaktørane og ein god regional infrastruktur for innovasjon.

Fylkeskommunane skal styrkast som regionale samfunnsutviklarar ved at det blir overført oppgåver og ansvar frå staten til fylkeskommunane frå 1. januar 2020, jf. Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgåver til nye regioner*. Fylkeskommunen skal styrkast i 2020 ved å få oppdragsgivaransvar for fleire verkemiddel som er med å mobilisere og utvikle bedrifter og næringsmiljø i regionen.

Som varsla i meldinga, vert det gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. Gjennomgangen kan medverke til at ytterlegare oppgåver som kan styrke fylkeskommunane si rolle i å mobilisere næringslivet til dei nasjonale og internasjonale FoU-verkemidla, vert flytta til fylkeskommunane.

KMD er opptatt av å få fleire kvinnelege entreprenørar og fleire kvinner inn i leing og styre. Departementet har som ambisjon at minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla innan FORREGION skal nå fram til kvinner.

3.3 Disponering og utbetaling av midlar

Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet skal alltid takast opp med KMD.

Dei midlane KMD stiller til disposisjon for Forskringsrådet skal utnyttast effektivt og målretta. Forskringsrådet får fullmakt til å omfordele midlar mellom program og verkemiddel innanfor løyvinga på ein post, så lenge måloppnåing vert sikra på lengre sikt. Grunnar til omdisponeringar kan vere forseinkingar i programstart eller dårlig søking til ei bestemt utlysing. Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet skal alltid takast opp med løyvande departement. Behov for vesentlege omdisponeringar skal også takast opp med KMD.

Midlane vert utbetalt i to like delar i januar og august.

4. Felles post for verksemdskostnader

Verksemdskostnadene over KD sitt kap. 285, post 55 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskringsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. Unntaket er nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar som framleis vil bli finansiert gjennom FoU-midlane frå det enkelte departement.

Finansiering av forskning, overordna forskingspolitisk og sektorpolitisk rådgjeving skal vere dei oppgåvene som framleis skal ha høgast prioritet, jf. Forskringsrådet sine vedtekter. KMD viser

til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskingsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på posten for verksemdskostnader.

5. Rapportering

Departementa og Forskingsrådet har samarbeidd om å utvikle struktur og forventningar til innhald i årsrapporten (rapport på samla måloppnåing) og vedlegg til årsrapporten (departementsvise rapportar). For nærare omtale av rapporteringskrav, sjå punkt 2 i dette brevet og punkt 4 i KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar.

I tillegg ønskjer KMD rapportering på følgjande område:

KMD ber om rapportering for løyvinga over kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø. Dei mest sentrale kriteria for måloppnåing for FORREGION er auka tal på bedrifter som samarbeider med forskingsmiljø, styrka regional forskingskapasitet for næringslivet sine behov og at regional og nasjonal innsats for forskingsbasert innovasjon forsterkar og utfyller kvarandre. KMD viser til tidlegare dialog om utvikling av styringsinformasjon, og ber Forskingsrådet om å foreslå føremålstenlege indikatorar for rapportering. Rapporteringa for 2019 av midlar over 74-posten skal sendast KMD innan 15. mars 2020.

KMD viser til at 80 prosent av forskingsmidla i dag går til dei fire største fylka. KMD ber difor om rapportering på geografisk spreiding av forskingsmidlane på våre område, jf. m.a. kap. 553, post 74.

6. Planlagde styringsmøte

Det vert lagt opp til styringsmøte våren 2019 for kap. 500, post 50 Forskingsprogram og kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø. Dette møtet vil vere konsentrert om Forskingsrådet si måloppnåing, med utgangspunkt i rapporteringa frå Forskingsrådet til KMD i årsrapport 2018.

For kap. 553, post 74 vil det også bli gjennomført eit styringsmøte om hausten, hovudsakleg konsentrert om forslag til budsjett og utkast til tildelingsbrev for 2020.

KMD vil kome tilbake til dagsorden og tidspunkt for møta på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Hanne Finstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

KOPPI